



Harald Sætre er sentral i dagens film i Kvinnheringen sin supre adventskalendar.

Kvinnheringen har denne førjula ein fantastisk adventskalendar som eg anbefaler alle å sjå. Det er den dyktige filmskaparen Merethe Offerdal Tveit som har laga den. Den er sett saman av korte filmar frå ulike sider ved Sunde si historie. I dag er det om kaien sin plass i Sunde-bygda gjennom åra, og i denne filmsnutten er Harald Sætre sentral.

Underteikna har sett filmene kvar dag, og synes det er ein fantastisk kjekk adventskalendar. Eg ser kvar dag fram til opna ei ny 'filmluke'. I dag er det altså kaien som har vore så sentral i Sunde-bygda som er tema, og då var det jo naturleg å nytta Harald Sætre sin store kunnskap.

Det dukkar også opp anna stoff med tilknytning til Uskedalen. Tidlegare var det til dømes eit par 'luker' der forfedrane til Michael Røssland i Ospelunden var sentrale. På gamle bilete meiner eg også å ha sett eit par bilete av traktorar i arbeid der personane bak rattet minna sterkt om uskedelingar.

Filmskaparen Merethe Offerdal Tveit har gjort ein fantastisk jobb både i førearbeid og redigering. I tillegg har ei god stemme og naturleg dialekt som kler filmene svært godt. Kvar film er frå 6 minutt og opp til knappe kvarteret. Ho har skapt ein lokalhistorisk skatt som er interessann langt, langt utover Sundebygda. Og kvar dag fram til julaften presenterer kvinnheringen.no nye filmar. Eg gleder meg, anbefaler dei sterkt, og seier: Gå ikkje glipp av dei!

Det går også fint å sjå filmene som har vorte vist tidlegare i desember.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland.